



Kontaktlærer Rannveig Fjell Helleland ynskjer alle velkomne i 1. klasse.

**Overskrifta er henta frå Ingebrigt Davik sin song om fyrste skuledagen, slik det var i dag for 11 fyrsteklassingar på Uskedal skule, fire gutar og sju jenter. Rektor Stig Berge Soldal og kontaktlærer Rannveig Fjell Helleland helsa elevane og foreldra velkomne. Skuledagen starta slik det skal vera ved at alle stod ved pulten og sa høgt i kor: God morgon alle saman.**

Talet på 6 åringane vart 11, ein meir enn det som var sagt. Elevtalet på Uskedal skule er 97, fordelt på 7 klassar. I staben er det 17 vaksne med slik fordeling: 12 lærarar, 4 assistentar og ein rektor. Nytilsette i år er: Merethe Eide, Laila Anita Vågen og Christine Egeland. Dei erstattar dei som slutta før sommarferien. Det er ein generell nedgang i elevtalet i Uskedalen, slik det er for det totale elevtalet i kommunen. 513 elevar møter fram til sin fyrste skuledag i Kvinnherad i dag.



[Andrea finn fram det ho har med av sommarminne i konvorluttan sin.](#)

Etter førskuledagane i vår fekk alle ei oppgåve fram til skulestart. Det var å samla sommarminne i ein konvorlutt, ha med og syna fram. Med den fine sommaren i år hadde mange med bilete og teikningar frå badestranda og frå tur til Sommarland i Bø og Dyreparken i Kristiansand. Nokre hadde med flybilletten frå tur til andre land. Rannveig ville vita kva som var viktig å læra i 1. klasse. Ein elev svara at det var venskap, det å læra å vera saman. Så kom lesing og skriving. 1. klasse har full veke, men har litt kortare skuledag måndag og fredag.



[Lesekroken](#) vart alt teken i bruk på den fyrste skuledagen.

Rannveig Fjell Helleland er ein røynd lærar. Ho starta i skule i 1981 og har hatt ulike roller, alt frå rektor til det å vera lærar på alle årsstega i grunnskulen. 37 år i grunnskulen er god erfaring å ta med når ho no startar ennon ein gong med 1. klasse.

Uskedalen.no kjem tilbake med klassebilete og namneliste når det er klart.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Emil-Walin syner fram sommarminne frå Huglo.